



Og så var det kafferast...

I dag er den tradisjonelle vårdugnaden i båthamna avvikla og det vart gjort ein god jobb på 3 timar. Likevel står det at fleire oppgåver - til dømes meir klypp av vegetasjon - og det blir naudsynt med ein dugnad til, seier leiinga. Det møtte 16 og det må karakteriserast som eit normalt frammøte samanlikna med tidlegare år. Veret var strålande og det letta sjølvsgagt arbeidet.



Endre Nilsen høgtrykkspylar kaia

Båtlaget har registrert ein viss tilbakegang i talet på gjestebåtar og det har klår samanheng med konkurransen frå Rosendal og Husnes, Men dei som likevel kjem til Uskedalen rosar som regel hamna og staden i høge tonar og båt-talet pendlar rundt 1000..



Hans Gustav Musland klår for skjellfjerner

Kosar seg gjer til dømes 2 av dei første gjestane denne sesongen, paret Peter Michael Buck og Renate Avløyp frå Krokeide i Bergen, som slappar av i ein 42 fots Princess ved den nye bylgjebrytaren og nyt sola, fersk avis og ein pils.

Dei tykkjer at dei knapt kan ha det betre og brukar ordet fantastisk om Uskedalen, som dei stadig vender attende til fordi vi har alt..





Krokeidepar i avslappet posisjon

Det dei no er ute på er ein samordna tur til bygda, ettersom dei ventar paret Irene Eriksen og Vidar Nortveit som satsar på camping og som skal slutta seg til selskapet..

Peter og Renate noterer seg med tilfredsheit at dugnadsfolket er i arbeid til deira beste. Ei lang rekkje oppgåver skal løysast, som nedvasking av toalett og dusj, fjerning av skjell, høgtrykkspyling av kaia, klypping av hekkane og raking av lauv. Jobbinga har også ein viktig sosial funksjon som ikkje minst vert utdjupa i ein kafferast.

Systrene Nilsen ligg tett på båthamna og er ein viktig del av total-tilbodet. Det bør ein ta konsekvensen av og no er det gjort på ein spesiell måte: Vegetasjonen mellom restauranten og båthamna er fjerna og dermed er den visuelle kontakten langt tettare. Å skapa eit samordna tilbod er ei viktig oppgåve.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Den visuelle kontakt er betra